
Fra: knumha <knumha@gmail.com>
Sendt: lørdag 2. februar 2019 04:11
Til: Postmottak Lindås
Emne: Fartsdumper på Li

Hei,

Eg heiter Knut Magne Hauge og bur på Li i Eikangervåg. Nerare bestemt Li 8. (Garsnr: 211, Bruksnr: 03.

Eg har tidlegare kontakta kommunen der eg uttrykte bekymring for sikkerheita utforbi husa her på garden. Den kommunale vegen går rett igjennom tunet her, og bilar som skal til/frå husa som ligg lenger inne på Li kjører med alt for stor fart forbi husa her.

Når eg kontakta kommunen forrige gong (meina det var i 2015) fekk eg beskjed om at kommunen skulle vurdere å setje opp eit "gardstun" skilt. Eg veit ikkje om den vurderinga er utført då eg ikkje har fått tilbakemelding på det. Eg meinte uansett at eit fareskilt ikkje ville ha god nok effekt, og hadde fleire forslag som til dømes:

- 1) Fartsdumper
- 2) Skilt med ei konkret fartsgrense

Dette meinte kommunen då at dei ikkje berre kunne gjera utan vidare. Når det gjaldt fartsdumper fekk eg vel ikkje ei god forklaring på kvifor det ikkje kunne etablerast, noko eg meiner heilt klart vil ha den beste effekten.

Når det gjaldt ei bestemt fartsgrense, ba dei meg kontakta Politiet som hadde ansvaret for å utføra evt fartsmålinga for å fastslå om det vart kjørt for fort eller ei. Hjø Politiet fekk eg svar at det var Kommunen sitt ansvar å utføra dei naudsynte undersøkingane.

Og her stoppa saka.

No har me fått ei lita jenta på garden her, og ho har lært seg å gå. Og ho klara å gå fort....om de ser på kartet korleis vegen går over tunet her, so forstår det lett at dette ikkje er trygt.

Eg er meget bekymra for at det kjem til å skje ei stygg ulykke her om ikkje noko vert gjort for å få redusert farten på denne vegen. Det er faktisk berre flaks etter mi mening at det ikkje allereia har skjedd.

Ein må hugse på at det er mangen hus/hytter som har vorte bygd etter at kommunen overtok denne vegen, og det er fleire familia med unger som skal kjøyrast her og der, dvs at trafikken har berre auka med tida, men ikkje tryggleiken.

Eg oppmoa kommunen til å ta ein kikk på dette og gje meg ei tilbakemelding på kva de tenkjer.

Noko MÅ gjerast!

Mvh

Knut Magne Hauge m/familie